



# NYHETSBREV STEFANUSBARNA

2 • 2023



Bilde: Mama Magge med barna. Foto: Stefanusbarna.

## Nyheter fra Egypt

---

### KRISTENRUSSEN TIL EGYPT

Tekst: Øystein Fure Johansen og bidrag fra deltakere på turen

«Turen til Egypt hjalp meg å forstå hvor viktig det er at vi kristne står sammen, uavhengig av hvor man kommer fra» - deltaker på turen

I påsken dro 10 deltakere fra Kristenrussen på misjonstur for å besøke Stefanusalliansen sine partnere i Egypt. Her har det vært kristen aktivitet i 2000 år. Mesteparten av tiden har kirken vært hardt presset. For mange av jentene var dette deres første møte med den forfulgte kirke.

Det første besøket var til «søppelbyen», en av slummene i Kairo. Her har Stefanusbarna et omfattende arbeid for familier som lever i og av søppelet. Blant annet satser Stefanusbarna på hjemmebesøk, leirarbeid og barnehager. Denne gangen besøkte gruppen to barnehager og et barnehjem. To hele dager gikk på å være med barna og lytte til deres historier.

*«Då vi kørte gjennom denne delen av byen var dei små smugene og bygningane fulle av søppelposar som dei hentar frå byen om natta. Den intense lukta i denne delen av byen var og noko som satt seg fast i meg.» - deltaker på turen*

*«Velkomsten vi fekk inne på skulen var heilt fantastisk! Barna sto klare med song og blomster til oss, og dei vaksne vasket bena våre og gav oss nye sko. Dette var noko dei gjorde for barna kvar dag for både å bygge ein tillit og tryggleik hos barna, men også for å passe på sår og skader som dei kunne få av å gå rundt i søppelet. Bak vaskeplassen hang også bilde kor Jesus vaskar bena til disiplane. Det var rørende å sjå korleis alle barna og dei vaksne var oppriktig glade og hadde ein sånn tru på Jesus, sjølv om vi vil sei dei har så lite samanlikna med oss.» - deltaker på turen*

Utover påskeuken fikk deltakerne oppleve mye forskjellig. De besøkte flere forskjellige kirker og ble kjent med kristne fra forskjellige land. Selvfølgelig var det også nok tid til å være litt turist. Egypt er et spennende land, og en smeltepotte av forskjellige religioner, kulturer og smaker.

*«Den ene gudstjenesten vi var på fikk vi oversatt. Da skjønnte vi faktisk hvordan vi er søsken gjennom troen gjennom å ha like gudstjenester med det samme budskapet i et land med en helt annen kultur.» - deltaker på turen*

Anafora var siste stopp før hjemreisen. Her fikk gruppen kjenne på ørkenens stillhet. Til vanlig er det mye aktivitet her. Utdannings- og rehabiliteringssenteret, kirke og klostervirksomhet, pluss den jevne strømmen av besøk, gjør at det som regel er hundrevis som bor her. Men, på grunn av påskehøytiden hadde vi området nesten helt til oss selv. Stillheten gjorde til en god avslutning på turen. Vi fikk anledning til å snakke om det vi hadde sett, be for dem vi hadde møtt, i tillegg til å delta på koptisk messe og tidebønn.

Det skjedde mye på disse ti dagene. Mer enn jeg får plass til å skrive i denne lille teksten. Vårt håp er at gruppen har fått opplevelser og møter de sent vil glemme. Vi i Stefanusalliansen vil legge til rette for at flere unge skal få et hjerte for de forfulgte!



Bilde: Gruppe Kristenruss i Egypt. Foto: Stefanusalliansen.

---

**THOMAS SATSAR PÅ SOLA**



Bilde: Biskop Thomas forklarer om miljøfokus på Anafora. Foto: Stefanusalliansen.

*Tekst: Johannes Morken, redaktør i Stefanusalliansen*

*Dette er et intervju som kommer i det neste Magasinet Stefanus i juni.*

### **Thomas satsar på sola**

10 prosent av elektrisiteten på Anafora er i dag henta frå solpanel. Solenergi skal bli den klart viktigaste energikjelda i den kyrkjelege og økologiske oasen.

- Solenergi skal veksa på Anafora. Vi vil bytta ut endå fleire generatorar. Men solpanela er dyre, så veksten avheng av kor mykje vi kan investera i dette, seier biskop Thomas på nytt besøk hos Stefanusalliansen.

Anafora, eit kraftsenter for den kristne minoriteten i Egypt, starta med dei første solpanela for et tiår sidan. No skal enkel solcelle-teknologi også spreia til landsbyane i Øvre Egypt der biskop Thomas har bispedømmet.

Stefanusalliansen støtter eit kurs på Anastasia/Anafora der folk lærer seg å laga lampar og lommelykter basert på solceller. Med denne kunnskapen kan dei

etablera små verksemder i sine heimelandbyer med ofte dårleg elektrisitet. Det første kurset starta i vinter.

### **Økologi i hundrevis av år**

Klima og miljø står heilt sentralt både i drifta av Anafora og i teologien til biskop Thomas. Biskopen som lenge har vore ei inspirasjonskjelde for mange her i landet, blei i fjor valt inn i eksekutivkomiteen – sentralstyret – i Kirkenes Verdensråd. Leiaren i den koptisk ortodokse kyrkja, pave Tawadros II, utnemnde han då til ein av dei 20 metropolittane. Men Thomas ser gjerne at vi framleis kallar han biskop.

I fjor samla stats- og regjeringssjefar frå heile verda seg i Egypt til klimatoppmøte for å prøva å bremsa veksten i temperaturen på jorda. Biskop Thomas seier at kyrkja hans har levd i forpliktinga om å ta vare på klima og natur lenge før toppmøtet.

Anafora har eit charter alle tilsette må signera om å ta vare på natur, miljø og klima – om reparasjon og gjenbruk, om å ta vare på vatnet og leva i pakt med naturen. Gjester kan også signera.

- Vi ønskjer også å spreia budskapet. Naturen og klimaet har vore med i dei daglege bønene i kyrkja vår i mange hundre år, lenge før toppmøtet. Kvar einaste dag ber vi for plantene, dyra, vatnet og lufta. Vi starta ikkje med bønene på grunn av dei farlege endringane i klimaet i vår tid. Dette er ein viktig del av trua vår og den vekta dei bibelske tekstane legg på skaparverket og vårt ansvar for skaparverket. Dette er noko dei vestlege kyrkjene ikkje har hatt, seier biskop Thomas.

### **Ingen plantevernmiddel**

På Anafora er det økologisk drift. Kjemikaliar er rydda vekk. Myggnett har erstatta all bruk av giftig myggspray. Det er slutt på å bruka plantevernmiddel. I jordbruket let dei nyttige og gode mikrobar nedkjempa dei mikrobane som øydelegg plantene.

- Mikrobane balanserer kvarandre. Dette må vi dra nytta av for å forstå og leva i pakt med økosystemet. Slik kan vi sikra at naturen overlever. Di meir vi bryr oss om naturen, di meir godt får vi av naturen, seier biskopen.

På Anafora får folk frå landsbyane i bispedømet til Thomas sør i Egypt også læra om kristen tru og økologi. Dei tek med kunnskapen heim.

- Dei komposterer og driv gjenbruk. Mange produkt vert både billegare og sunnare av økologisk drift, seier biskopen.

### **Varme og tørke**

I Egypt er somrane blitt varmare og tørrare, med mindre regn og dårlegare avlingar. Bøndene prøver å tilpassa seg – ved å bora eller grava etter vatn og ved å satsa meir på avlingar som eignar seg om vinteren.

- Vi gjer det vi kan for å ta tilbake ørkenen. De i Noreg har vatn som kjem frå himmelen. Vi må kjempa for å få tak i vatn. Kvar einaste dråpe er verdifull. På Anafora fekk dei for eit par år sidan problem fordi vatnet som kom opp av borehola, var blitt salthaldig mellom anna på grunn av sterk utbygging i området rundt etter at Anafora blei etablert for drygt 20 år sidan.

- Takk Gud, no klarar vi å filtrera vatnet for salt, seier biskop Thomas. Her er det økologi: Først vert vatn filtrert for det mest skadelege saltet. Så får fisk leva i vatnet og gjera det meir næringsrikt. Vatnet vert deretter brukt på åkrane.

### **«Vi haustar det vi sår»**

- Vi underviser om økologi, om forholdet mellom det skapte og Gud og om vår rolle som menneske. Den første oppgåva vi menneske fekk var – som skapte i Guds bilete – var å råda over naturen, og å ta vare på naturen. Vår aggresjon mot og omsynslause bruk av naturen skadar både naturen og oss. Vi haustar det vi sår, eller rettare: Etterkomarane våre haustar det vi sår. Dersom vi reddar klimaet no, får våre etterkomarar eit godt klima.

Biskop Thomas siterer frå kapittel 8 i Romarbrevet: «Det skapte lengtar inderleg etter at Guds born skal openberrast i herlegdom.»

– Vi må forstå at skaparverket ventar på at vi som Guds barn skal bli openberra i Guds herlegdom. Då må vi forstå ansvaret vårt: Å ta vare på naturen og klimaet er ei oppgåve vi har frå Gud. Naturen forstår ingen landegrenser. Difor må vi samantare på naturen og ikkje berre forbruka den. Vi må også be om fred, i staden for å produsera våpen som øydelegg naturen og klimaet, seier biskop Thomas.



Bilde: Solcellepanel på Anafora. Foto: Stefanusalliansen.

---

## GRUPPETUR TIL EGYPT

Bli med på en spennende og inspirerende reise til Egypt, 7.-14. oktober 2023. Her får dere besøke flere av Stefanusalliansens samarbeidspartnere, samtidig som dere blir kjent med hvordan det er å være kristen i Egypt.

Gjennom denne reisen blir dere godt kjent med arbeidet til Mama Maggie hos Stefanusbarna, samt Anafora, kraftsenteret biskop Thomas har bygd opp. Det blir

også satt av tid til å besøke kjente turistattraksjoner som pyramidene i Giza, hvor dere også får lære mer om egyptisk historie. Kanskje blir det en ridetur på kamel?

**Dato:** 7.-14. oktober 2023

**Pris:** Fra Oslo, fra 20.950, -

**Turledere:** Kristin Samdal og Arna Eggebø

**Påmeldingsfrist:** 29. mai 2023

**NB: FÅ Plasser IGJEN**

For mer informasjon om program og påmelding, klikk på lenken under.



**[KLIKK HER FOR INFO OG PÅMELDING](#)**

---

## **BARNEHISTORIE: Bishoy er ikke redd lengre!**

Jeg heter Bishoy og bor i Kairo i Egypt. Stedet jeg bor heter Kilo. Det er et litt rart navn, og det er ikke et vanlig sted heller. Der vi bor er det nemlig ganske mye søppel, fordi vi bor på en søppelplass.



Jeg og familien min bor på ett rom, og vi har bare en sofa og en matte som hele familien sover på. Det er litt hardt, men det går greit. Pappa jobber med å reparere sykkeldekk, men det tjener han ganske lite penger på. Ofte krangler mamma og pappa om penger, fordi vi har så lite av det. Da pleier jeg og søsknene mine å gå ut av huset, for vi liker ikke at de roper.

Les hele historien til Bishoy ved å laste ned PDFen under.

## **LES BISHOY SIN HISTORIE**

---

### **AKTIVITET FOR BARNA: Mal et kors fra Egypt**

Last ned filen for å lese hvordan dere kan gjøre aktiviteten "mal et kors fra Egypt".

## **LAST NED PDF FOR BARNEAKTIVITET**

---

### **SAMMEN SOM KIRKE I HELE VERDEN**

Sammen som kirke i hele verden er Den norske kirke sin årlige misjonsaksjon. I aksjonsperioden fra Kristi Himmelfartsdag til St. Hans har menighetene et ekstra fokus på menighetens misjonsprosjekt.

Vi ønsker at menighetene får styrket sitt eget misjonsprosjekt i menighetene. Dere bestemmer selv hva dere ønsker å gjøre av aktiviteter og tiltak for å samle inn penger og styrke engasjementet.

Stefanusalliansen ønsker å oppfordre alle sine samarbeidsmenigheter til å melde seg på aksjonen og styrke fokuset på menighetens misjonsprosjekt.

For mer informasjon og påmelding, klikk på lenken under.



**[LES MER HER](#)**

---

## **UTLYSNING AV MIDLER TIL MISJONSPROSJEKT**

Samarbeid menighet og misjon lyser ut midler for å stimulere menigheters arbeid for å styrke barn og unges eierskap til menighetens misjonsavtale.

Kirkemøtevedtak 09/21 Kirkens globale oppdrag, tydeliggjør at Den norske kirkes oppdrag er å formidle evangeliet i ord og handling. Dette gjør vi som del av den universelle, grensesprengende og inkluderende kirken som krysser geografiske, etniske og kulturelle grenser, samt generasjonsgrenser.

Menighetens rolle i kirkens globale oppdrag konkretiseres blant annet gjennom menighetens misjonsavtale hvor menigheten lærer om, ber for og støtter et konkret prosjekt gjennom en av organisasjonene i Samarbeid menighet og misjon.

Nå kan dere søke midler, opptil 75.000 kr, om støtte til felles tiltak for å styrke barn og unges eierskap til menighetens misjonsprosjekt.

Søknadsfrist er 31. mai. For mer informasjon om målgruppe, rammer og annet, klikk på lenken under.

**[LES MER HER](#)**

[Videresend denne eposten!](#)



## STØTT DE FORFULGTE!

*Opphavsrett © 2022 Stefanusalliansen, Alle rettigheter forbeholdt.*

Du har mottatt denne e-posten fordi du har meldt deg på via vår nettside, en annonse eller er aktiv støttespiller i Stefanusalliansen.

### **Kontakt oss:**

Stefanusalliansen

Telefon: +47 23 40 88 00

Stefanusalliansen Trondheimsveien 137 Oslo, 0570 Norway

[Oppdater dine valg](#) eller [meld deg av](#) dette nyhetsbrevet.

